



Arbeidet med kaien på Rød er starta opp. Alle formelle løyve er no på plass og ein reknar med at kaien skal vera klar til bruk i god tid før sommaren 2007.

Steinfylling syner at det truleg har vore kai ved Bøkkerverkstaden før. Styret har valt ei litt anna plassering no. Bøkkerverkstaden er ein del av Bygdetunet Rød og den nye kaien vil fremja kulturverdien og det maritime ved å letta tilomsten sjøvegen. Storleiken på kaien (15 * 4 m) er slik at ein kan ta mot litt større båtar med grupper som ynskjer å vera med på tilskipingar i sjøbua. Arbeidet til no er utført av Haugland Maskin med Tor Ove Haugland bak spakane. Det er gjort eit nøyaktig arbeid med steinfylling og kaifundament. Tor Ove Rød og Leif Magne Framnes har vore museet sine representantar på plassen. Atle Thoresen, Steinar Haugland og ei arbeidsgruppe frå Valen sjukehus skal vera med på det vidare arbeidet.